

KRAV TIL AVKJØRSEL - TEKNISKE KRAV

Avkjørselen skal byggast slik at overvatn frå avkøyrsla ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må òg byggast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkjørselen. Der avkøyrsla skjærer open grøft, skal det leggjast avløpsrør med minimum diameter 200 mm. Avløpsrør skal leggjast slik at veggøfta sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftvatnet skal ha fritt løp inn i og ut av røret. Avkøyrsla skal tilpassast hovudvegen sin lengde- og tverrprofil.

FRI SIKT

Det skal være uhindra sikt i eit område langs den kommunale vegen på kvar side av avkøyrsla. Storleiken på området vert bestemt ved konstruksjon av siktretkanter. Dette er vist på fig. 1.

Frisiktområdet skal være fri for sikthindringar høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå.

Frå eit punkt, 4m frå kjørebane-kanten inn i avkøyrsla langs midtlinja av denne, skal det være sikt til kjøretøy på den kommunale vegen som vist på fig. 1. Tilsvarande sikt lengder som vist på fig. må også gjerast gjeldande for trafikk som kjem på hovudvegen og skal inn i avkøyrsla (sikt bakover og framover langs hovudvegen)




Fig. 1

Ved avkjørsel over fortau i gater der fasaden følger bakkant av fortau gjeld spesielle reglar for frisikt. (Jfr. Statens vegvesens handbok 017.)

LENGDEPROFIL

På de første 2 m frå skulderkant skal avkjørselen ha eit fall på 1:40 (2,5%). På de neste 3,5 m skal avkjørselen ha maksimal stigning/fall på 1:20 (5%) / 1:30 (3,3%). Det vert tilrådd at vegen ikkje skal ha større fall/stigning enn 1:8. Lengdeprofil for avkjørsel vegen er vist på fig.2.






Fig. 2

SVINGRADIUS


Krav til svingeradius er vist på figurane fig. 3, 4 og 5. Krava varierar ut frå bruk og trafikkmengde på avkøyrsla.



Avkjørsel for 1-3 bueiningar




Avkjørsel for 4-7 bueiningar



Avkjørsel for meir enn 7 bueiningar

Avkjørsel til bustadområde, industriområde og serviceanlegg utførast som kryss. Jfr. Statens vegvesens vegnormaler handbok 017.



KRYSSING AV FORTAU

Ved kryssing av fortau må kantstein senkast til 5 cm. Ytre kant av fortau skal ha gjennomgåande høgde. Einkvar tilpassing til fortau skal utførast på egen eigedom. Tilpassinga skal utførast slik at vegen sin tekniske standard og funksjon vert oppretthaldt. Svingradius fastsettast etter tal på bueiningar. Jfr. figurane for svingeradius.

ANSVAR FOR VEDLIKEHALD

Avkøyrsla med tilhørande siktområde, rør eller stikkrenner skal verte haldt vedlike av grunneigar eller brukar.